

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	8.6.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Osvald Turlid, Bente Steine, Olav Grønsberg
(Anne Karin Buene hadde forfall).

**Vara-
medlemar** Reidun Bøe Bjørgum.

Andre Håkon Øydvin, Øystein Flaget, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
26/10, 27/10, 28/10, 29/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 26/10. Referat og meldingar

Desse meldingssakene vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 18. mai.
- 2) Styremøte villreinutvalet for Nordfjella den 9. juni
- 3) Landsmøte Norges fjellstyresamband 10.-11. juni
- 4) Avtale om endring av grensene i villreinjaktfelt 461
- 5) Forvaltingsplan for hjortevilt – samandrag av høyringsinnspel
- 6) Tenestekjøpsavtale med SNO – Aurland
- 7) Melding frå Statskog SF v/Kjell Inge Skjerveggen om at tilskotet til fjellstyret si oppsynsordning kan bli avkorta med inntil kr. 75.888, ut frå opplysningar i fjellstyrerekneskapen for 2009 og samandraget av fjelloppsynet sine timelister.
- 8) Håkon Øydvinn tok opp spørsmålet om ein bør vurdere å tilby eit familiekort for stong- og oterfiske, etter å ha fått oppmoding om dette frå publikum.
Merknad: Fjellstyret vil sjå på dette i samråd med Aurland fiskeadministrasjon, sidan ei eventuell ordning med familiekort ikkje berre bør gjelda for statsallmenningen, dersom ho vert innført. Det er ikkje aktuelt å innføra for denne sesongen.
- 9) Osvald Turlid stilte spørsmål til oppsynet om omfanget av skuterbruken i oppsynssamanheng og i samband med andre oppdrag for fjellstyret og andre oppdragsgjevarar. Han meinte det var viktig at fjelloppsynet, SNO m.fl. reduserer skuterbruken til det strengt nødvendige, m.a. på bakgrunn av at kommunen set strenge vilkår for andre som søker om løyve til å nytta snøskuter. Turlid såg gjerne at det vart skipa til eit møte om desse spørsmåla før neste vintersesong, evt. i regi av, eller i samarbeid med, kommunen.

Aurland, den 10.6.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 27/10. Opning for reinsjakt på Broksfjellet?

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret opnar for jakt på villrein i Broksfjellet statsallmenning (HA 28A) jakta 2010. Fellingsløyva for området vert lyste ut på fjellstyret si nettside, i "Aurlendingen" og med oppslag, med søknadsfrist 10. juli. Søkjarar som alt er tildelte kort i Aurland statsallmenning i år vert ikkje tekne med i trekninga. Tildelt løyve for Broksfjellet skal likevel ikkje føra til endra prioritet for tildeling i Aurland statsallmenning komande år.

Sak 28/10. Avtale om tynningsfiske i nokre vatn i statsallmenningen sesongen 2010

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret inngår avtale med Erlend Øydvin om å stå for tynningsfiske i nokre vatn i Aurland statsallmenning sesongen 2010, på dei same vilkåra som i fjor. Det vert kunngjort med oppslag og på fjellstyret si nettside at fjellstyret er interessert i å koma i kontakt med andre som kan vera interesserte. Lista over vatn der ein ynskjer å tynna ut bestandane vert utvida med eitt vatn; Store Vargevatnet. Fjellstyret kjøper inn 5 nye garn (29-31 mm) for å erstatta evt. utrangerte garn.

Sak 29/10. Trekking av fellingsløyva for villrein

Det låg føre saksutgreiing og lister over søkjarane, i alt 223 innanbygdsbuande jegerar.

Det vart gjennomført trekning i samsvar med framgangsmåte skissert i saksutgreiinga. 124 søkjarar vart tildelte fellingsløyve.

Aurland, den 10.6.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.